

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

**Dato** 14.08.2023  
**Vår referanse** 2023/69799-2  
**Dykkar referanse** 20/4188  
**Sakshandsamar** Sigrun Wølstad  
**E-post** Sigrun.Wolstad@vlfk.no  
**Telefon** 96944535

Att.Svein Arne Vågane

**Kulturminnefagleg fråsegn - Endring av vegtrasé - gnr. 211 bnr. 5 Eikangerlid  
- Alver kommune**

Vi viser til brev datert 12.02.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med endra vegtrasé. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan

**Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*